



Foto: Merete Byre-Haakensen

Etiske retningslinjer for medarbeidarar og folkevalde i Lom kommune

KOMMUNESTYRE
30.11.2021

Etiske retningslinjer for Lom kommune skal føre til bevisstgjerung av medarbeidarar og folkevalde som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen.

Godt omdøme er ikkje noko ein kan gjera vedtak om å få eller ha. Haldningar og handlingar i kvardagen påverkar den tilliten som innbyggjarane har til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for å te oss høveleg for å skapa og ivareta god tillit til Lom kommune.

Ein open kultur for å samtale godt om etiske spørsmål og utfordringar er naudsynt for å utvikle god etisk og fagleg dømekraft.

Det blir vist til reglement for kommunestyret, formannskap, levekårsutval og samfunnsutval for å sikre ein god møtekultur i politiske møte.

Som medarbeidarar og folkevalde i Lom kommune er vi bevisste om at:

<p>Profesjonalitet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi syner respekt for alle menneske • Vi brukar fagkunnskap og dømekraft i det daglege arbeidet vårt og handsamar alle likeverdig. • Vi sørgjer for at fortrulege opplysningar blir handsama på ein forsvarleg måte, og misbrukar ikkje vår tilgang på informasjon, og i varetek teieplikta vår jf. § 13 i forvaltningslova, og § 13 i offentlegheitslova. • Vi er lojale mot administrative og politiske vedtak. • Vi fylgjer norsk lov, interne regelverk og god forvaltningsskikk. • Vi er medvetne på at våre handlingar og haldningar vil påverke Lom kommune sitt omdøme. 	<p>Gåver</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi tek ikkje imot arv eller personlege fordelar i arbeidet vårt. Gåver av ubetydeleg verdi kan vi ta imot dersom det er avklara med tenesteleiar. • Det er forbode for tilsette og folkevalde å ta i mot, eller gje gåver, provisjon, tenester eller liknande som er meint å påverke den kommunale tenestehandsaminga eller politiske utfall. • Mottak av gåver eller fordelar i kraft av å vere tilsett i Lom kommune vil kunne bli sett på som korrupsjon, og kan medføre straff etter straffelova § 276 a-c.
<p>Openheit og dialog</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi lyttar til innspel frå innbyggjarane gjennom dialog, brukarmedverknad og høyringar. • Vi sikrar omgjevnadene sine krav til innsyn og opptre profesjonelt i kontakt med media. • Vi er bevisste om at all informasjonsstraum, både inn og ut av kommunen blir handsama i høve til overordna lovverk. 	<p>Eigendelar og miljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi arbeider til det beste for fellesskapet, og ser til at Lom kommune sine økonomiske verdier blir forvalta på ein forsvarleg måte. • Vi tek omsyn til miljøet og bidreg til reduksjon av energiforbruk og klimautslepp. • Vi er ansvarsfulle i forvaltning av brukarane sine eigendelar, pengar og andre verdier.
<p>Interesse motsetnader</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi informerer om private tilhøve og interesser som kan påverke vedtak eller utføring av oppgåver for Lom kommune. <p>Vi ser til at eigen habilitet blir vurdert før ein handsamar eller fattar vedtak i administrative eller politiske saker.</p>	<p>Innkjøp</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi held oss til regelverk om offentlege anskaffingar og opptre profesjonelt som bindeledd mellom leverandørar og Lom kommune. • Vi gjer innkjøp av varer og tenester ved å nytte rammeavtaler og kontraktar der det er mogleg. • Vi tek ikkje imot særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå Lom kommune sine leverandørar.

<p>Samfunnsansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi syner samfunnsansvar og støttar opp om kommunen sitt positive omdøme også når vi ytrar oss privat, gjennom sosiale medium m.m. • Gjennom arbeidet vårt gjev vi merksemd på tilhøve som bidreg til å minske sosiale skilnadar, vald i nære relasjonar m.m. og vi er bevisste på varslingsplikta vi har i høve til dette. • Det skrivne ord er vanskeleg å få sletta tenk over det når du skriv. • Alle innlegg på sosiale medium er å betrakta som offentlege og tilgjengelege for alle. Ha dette i bakhovudet når du kommenterer og skriv. • Du er ein ambassadør for kommunen. • Jf. retningsliner for sosiale media for tilsette på intranettet Retningsliner for sosiale media 	<p>Arbeidsmiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi seier venleg "hei", og "takk for i dag" til medarbeidarane våre. • Vi har alle eit ansvar for å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. • Vi legg til rette for helsefremjande tilhøve ved at vi bidreg til engasjement og glede i kring arbeidsplassen vår. • Vi tek aktivt avstand frå all diskriminering, mobbing og trakassering.
<p>Varsling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. • Vi har mot til å varsle. Leiarar skal ta vare på den som varslar og sørge for at kritikkverdige tilhøve vert retta opp. <p>Varsling skjer jf. rutine for intern varsling i Lom kommune</p>	<p>Ekstraverv og tilleggserverv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi skal leggje til rette for openheit om tilsette og folkevalde sine tilleggserverv, styreverv og økonomiske interesser. • Vi har ikkje lov til å ta på oss verv eller erverv som er i direkte konflikt med interessene til kommunen, og som gjer at ein kan koma i illojal konkurranse med kommunen sitt tenestetilbod. <hr/> <ul style="list-style-type: none"> • For å kvalitetssikre dette bruker vi aktivt Styrevervsregisteret til KS

Leiaransvar i høve til etikk

- Det er eit leiaransvar å følgje opp at tilsette er kjende med og arbeider etter kommunen sine etiske retningsliner og støttar arbeidet med omdømebygging.
- Gjennom aktivt fokus på kommunen sine prinsipp for leiing skal etiske dilemma og haldningar jamleg vera tema på alle arbeidsplassar via personalmøte og faglege samlingar.
- Leiarmøte skal jamleg ha etiske problemstillingar som tema.
- Det er vidare eit ansvar for leiarar av folkevalde organ å følgje opp at dei folkevalde er kjende med og arbeider etter kommunen sine etiske retningsliner.
- Etikk skal vera ein del av folkevaldopplæringa som blir gjennomført ved oppstart av kommunestyreperioden.
- Det skal leggjast opp til temasamlingar knytt til omdømebygging / etikk gjennom kommunestyreperioden.
- Habilitet i alle tilsettingsaker skal alltid fylgje [Forvaltningslova §6](#)